


- Hovedinnlegg: Maks 3.500 tegn
- Innlegg og replikk: Maks 1.800 tegn
- Kort sagt: 600-1.000 tegn
- NB: Alle mål inkluderer mellomrom.
- Vi foretrekker ditt innlegg på e-post.
- Innlegg må signeres med fullt navn. Oppgi adresse og telefon.
- Legg gjerne ved bilde av deg selv
- Konvolutter som postlegges, må merkes med «debatt».

- Redaksjonen forbeholder seg rett til å forkorte.
- Innsendte manus blir ikke returnert.
- Vårt Land betinger seg retten til å arkivere og utgi alt stoff i avisen i elektronisk form i Vårt Lands eget arkiv eller andre databaser
- Vårt Land har avtale med. Stoffet kan også gjøres tilgjengelig på Vårt Lands internettsider.

«Miljøpartiet De grønne mangler et politisk kompass, mener Sara Azmeh Rasmussen. Enig? Bli med i ordsiftet på [verdidebatt.no](http://verdidebatt.no)»

Johannes Morken, debattredaktør



# ret IOC



– OL på Lillehammer bød på mange store øyeblikk. Det er enkelt å forstå og akseptere at mange synes et nytt OL i Norge blir for dyrt, mener Hans B. Skaset.

Foto: Jan Greve/NTB scanpix/arkiv

særforbundene eier og styrer sine idretter i arrangementet, og IOC våker over sine interesser, blant annet med krav om særlovgivning (skattefritak) for seg og sine virksomheter.

Hvor mye skal Oslo by og den norske stat betale for å komme i posisjon til å påta seg de økonomiske byrder en seier i Kuala Lumpur vil innebære? En seier betinger lovnader uten begrensede forbehold!

Etter eventuell jubel i Kuala Lumpur, starter avklaringen av de reelle kostnadene. Per i dag kan ingen si, med rimelig sikkerhet, hva sluttsammen vil bli. Det eneste vi med sikkerhet vet, er

at den norske stat må legge pengene på bordet. Andre hensyn må vike. Anseelse og prestisje vil telle tungt, særlig for ett av verdens rikeste land, som lett lar seg beruse av egen suksess.

Det er ingen vei tilbake når jubelen har stilnet i Kuala Lumpur. Uansett hvilke utfordringer Oslo og Norge vil stå overfor underveis mot 2022.

## NETTMØTE

### • [vl.no/nettgjest](http://vl.no/nettgjest)

Vil du ha OL til Oslo i 2022? I morgen klokken 13 svarer Olaf Thommessen på spørsmål fra våre lesere.

# Gi oss større visjonar

Rolf Kjøde  
● Askøy

## valg 2013

### VISJONAR

Dei store partia og dei store media har fått valkampen på sitt spor: Valet står om kva slags vekstpolitikk som skal fylle regjeringskontora. Men det finns større visjonar enn dette i det politiske landskapet, om vi kjem bak blokkkonstruksjonen og nokon grip tak i dei grunnleggande verdiane og skiljelinjene i samfunnsdebatten. Vi må ikkje akseptere at den store kampen handlar om kva modellar for vekst verdas rikaste folk skal unne seg framover.

**Verdiar.** Politikken handlar om å styre samfunnet i samsvar med dei best mulige samfunnsverdiane. Fordi vi som kristne trur at Gud har skapt alt og har prega menneska i sitt bilde, trur vi også at der finns allment gode verdiar som samfunnsfellesskapet er tent med å ta omsyn til.

På politikens område gjeld dette ikkje minst kampen for

menneskeverdet, for barnets rett til mor og far, og kampen for berekraftig forvaltning av natur og miljø og for rettferdig global fordeling. I den grunnleggande kampen for menneskeverdet slik den no står innanfor bioteknologien, er det berre KrF med sitt prinsipielle syn på fosterets rett til vern, som har ein berekraftig politikk, eit stykke på veg følgt av Senterpartiet.

**Truverdig.** Ved sidan av kampen for menneskeverdet frå foster til naturleg død, er vekstideologien med målsetting om auka offentleg og privat forbruk den verkeleg store verdiutfordringa.

### «Vi treng politikarar med mot og ryggrad til å trasse TV 2 og andre medias spel på sutring og misnøye i verdas rikaste land»

Klima er berre symptomet. Dersom norsk politikk skal vere truverdig, må nokon våge å ta samtalen om andre modellar enn vidare vekst i materiell velstand og velferd.

Dei fattige som lid under den urettferdige globale fordelinga, og generasjonane som kjem etter oss i Norge, har krav på at vi tar på alvor det reknestykket som sjølv born i grunnskolen skjonar: Det er ikkje mulig å overleve dersom alle skal gjere som Norge i dag. Det krev minst tre klodar og at mine born og barneborn må jobbe livet av seg for å fø meg som velfødd, tidleg pensjonist på pendling mellom Norge og Spania.

**Bompengar.** Med utgangspunkt i gode kristne samfunnsverdiar, som vi trur er tenleg for alle menneske og samfunn, trengs det røyster som talar for andre verdiar enn kva vekstpolitikk som skal vere i regjering.

Vi treng større visjonar enn dei som handlar om bompengar. Vi treng politikarar med mot og ryggrad til å trasse TV 2 og andre medias spel på sutring og misnøye i verdas rikaste land. Vi treng politikarar som maktar å prioritere på ein slik måte at vi forstår fornufta i å forvente mindre frå staten og yte meir sjølve til fellesskapet gjennom styrka familiar og eit solid sivilt samfunn.

Bruk borgarprivilegiet ditt 9. september til å styrke desse verdiane.

## Rydde i alkoholdebatten

Olav Marøy  
● Ørsta

Alkoholdebatten har dukka opp att. No er eg spent på kva dei vil gjere, dei som vil «rydde i alkoholdebatten». Eg har eit inntrykk av at dei fleste meiner at alkoholbruk er eit personleg ansvar som kvar einskild får ta seg av. Eg dregst mot den same konklusjonen. Slepp alkoholen fri, men med nokre få unntak: I trafikken og i arbeidssituasjonar der ein kan skade andre, til dømes i

helsestellet, må all alkoholbruk vere forbode.

Men eg har eit vilkår til: Dei som brukar alkohol, må betale det alkoholen kostar: Vanlege produksjonskostnader og avgifter, korttids og langtids fråvær i arbeidslivet, produksjonstap, sjukehusopphald, tidleg død, politiarbeid, samlivsbrot, øydelagde heimar, vald mot vaksne og barn med meir.

Ein del av dette kan det vere vanskeleg å setje prislapp på. Men kyndige politikarar må

kunne lage eit overslag. Alt dette må leggast på prisen på alkohol. Dei som drikk mykje, må betale mykje, dei som drikk lite, må betale lite. Det er urettferdig slik det er i dag, at dei som ikkje nyttar alkohol eller brukar den med måte, skal betale prisen over skattesetelen.

Om dette vil minske alkoholbruken og med det skadane, veit eg ikkje. Kanskje. Om det er mogeleg i høve handelspartnarane, veit eg ikkje. Men det er lov å spørje.

## Et viktig klimavalg

Anders Martin Andersen  
● Oslo

Sigbjørn Grønås hevder Miljøpartiet De Grønne er eneste parti som tar klimaendringene alvorlig. Foruten at KrF har støttet mange vedtak og tiltak for en bedre

miljøpolitikk gjennom årene, vil jeg gjerne minne om at en regjering ledet av Bondevik – og dermed KrF – stilte kabinetspørsmål i en klimasak i 1999. Både Høyre og Ap var med å velte regjeringen på denne Co2-saken. Hvem har satset mer i saken?

Han nevner cannabis-saken hos MDG, som han mener kan nedkjempes innenfra – det vil tiden vise. Som en tidligere KrF-er gir Grønås avkall på temmelig mange saker, inklusive ansvar for skaperverket, til fordel for et miljøparti som gir lite i tillegg.